

Forskrift 18. juni 2024 om skulerute i Sande kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Sande kommune 18. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1.

§1 Formål og virkeområde

Forskrifta seier kva skule- og feriedagar elevane ved dei offentlege grunnskulane skal ha i skuleåret. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf oppl.lova § 14-1.

§ 2 Skulerute

Dei offentlege grunnskulane i Sande kommune følgjer til ei kvar tid skuleruta som vert fastsett av Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. august 2024.